

Fra: Vindedal, Kristi (kristi.vindedal@ra.no)

Sendt: 08.11.2016 17:23:58

Til: 'Slettebø, Njål Gunnar'; ambjorn.hovik@kvinnherad.kommune.no; 'Bente Kopperdal Hervik'; 'Celik Lisbeth Bygstad'; 'kent.hakull@ullensvang.herad.no'; 'Atle Tornes'; postmottak.planavdelingen@bergen.kommune.no; Nils Halleland (Nils.Halleland@etne.kommune.no); asbjorn.n.toft@austheim.kommune.no; Lindås kommune; Bømlo kommune; Etne kommune; Fitjar kommune; Radøy kommune; Austheim kommune; Kvinnherad kommune; Eidfjord kommune; Ullensvang herad; Odda kommune

Kopi: Ole Vegard Skauge; Gaukstad, Even; Løvdal, Jostein

Emne: Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland - utkast til endeleg rapport

Vedlegg: Revidert Hordaland - kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse-08112016.pdf

Til aktuelle kommunar i Hordaland

Riksantikvaren viser til tidlegare kontakt om denne saka gjennom høyringsbrev 27.5.2014, høyringssvar frå kommunane og oppfølgjande brev frå Riksantikvaren, sist 17.11.2015.

Sidan ferdigstilling av endeleg rapport for Hordaland har teke lang tid, sender vi vedlagde **utkast til ein endeleg rapport** til kommunane for at de skal vere kjende med den og ha høve til å komme med ev. merknader før den vert gjort endeleg. Er det openbare feil, har det skjedd endringar i planstatus som vi bør vere kjende med og liknande? Dette er ikkje å sjå på som ein ny ordinær høyringsrunde. Frist for ev. merknader vert sett til 23.november 2016.

Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune hadde i mars 2016 oppfølgjande møte med nokre kommunar på grunnlag av det som kom fram i høyringa. Desse kommunane var Ullensvang, Kvinnherad, Fitjar og Bømlo. Sendinga her tener også som ei utkvittering av det som vart tatt opp på desse møta.

Vi har gjort ein del endringar i avgrensing av landskapa i høve til høyringsframlegget. Nokre endringar er gjorde som følgje av merknader frå kommunar, andre endringar er gjort på bakgrunn av fornya eigne vurderingar ettersom vi har fått meir erfaring gjennom arbeidet med prosjektet Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse.

Generelt:

- Gjennomgåande er grensene meir tilpassa terrenget, dei følgjer i større grad landskapsromma.
- Det er gjort nokre tilføyinger i avsnitta om sårbarheit og forvalting. Overskrifta er også endra for å vere meir tydeleg og lyder no: **Sårbarheit og retningsliner for forvalting.**

Dei einskilde landskapa:

- Den Indre Farleia: Grensene er meir terrenghilpassa.
- Byfjellene i Bergen: Grensene er meir terrenghilpassa. Området med Våkendalen er tatt ut og grensa er trekt bort frå Svartediket.
- Fitjarøyane: Området er redusert, slik at arealet til tettstaden Fitjar går ut. Nokre område i Bømlo er også tekne ut, det er område nord på Goddo, nord på Rolvsnes, Agasøster og Aga.
- Søre Bømlo og Hespriholmen: Ein del areal på austsida av Fv 541 og nord for Langevåg er teke ut. Det same gjeld areal sør for Langevåg, mellom anna rundt Bømlohamn.
- Etne: Etter RAs eigne vurderingar har vi redusert området, ved at grensa er trekt utanom tettstaden. I sør aust er grensa trekt noko vestover. Landskapet har framleis med terrassane og landskapet rundt det og bygdeborger.
- Rosendal: Området er redusert slik at Guddalen går ut, det same gjeld Snilstveitøya med ein del sjøareal mot Rosendal tettstad. Grensene mot fjella er gjort meir terrenghilpassa. Grensa mot Myrdalsvatnet er justert mot osen. Teksten er noko utbygd for å famna mangfaldet i området betre.
- Indre Sørfjorden: Det er gjort grensejusteringar som inneber meir terrenghilpassing, grensa mot aust er trekt rundt Ringdedalsdammen. I vest er grensa trekt nærmere Folgefonna.
- Ytre Sørfjorden: Grensenen er meir terrenghilpassa.
- Eidfjord: Her er arealet redusert ein del etter RAs eiga vurdering. Tettstadsområdet i Nedre Eidfjord er for ein stor del halde utanfor. Grensene er lagt inntil nyleg vedteken områdeplan i kommunen. Opp frå

Måbødalen er grensa trekt ned mot Fossli hotell, slik at Garen med hyttefelta ikkje inngår. Ein del fjellområde er òg utelatne.

Alle høyringsinstansar vil få tilsendt brev når den endelige rapporten er klar med ei oppsummering av høyringsfråsegnene og Riksantikvaren sine merknader til desse.

Vennleg helsing

Vennleg helsing

Kristi Vindedal

Seksjon for landskap og verdiskaping

Tlf 982 02 846